

Årsplan for Daggry barnehage

2025-2026



Innholdsliste

1

Innleiing

2

Velkommen til
barnehagelivet

3

Visjon

4

Samhandling barn og
unge

5

Fagområda til
barnehagen

6

Inkluderande
barnehagemiljø

7

Presentasjon av
avdelingane

8

Årshjul



Innleiing

Årsplanen i Daggry barnehage er ein arbeidsreiskap for personalet. Den gir informasjon om vårt pedagogiske arbeid til våre samarbeidspartnarar og andre som kan ha interesse av det.

Planen vert utarbeida av personalet i barnehagen.

Meir konkrete månadsplanar vert presentert i KidPlan, for foreldra som høyrer til i barnehagen.

Planen må godkjennast av samarbeidsutvalet i barnehagen, før den trer i kraft.




Velkommen til barnehagelivet

Godt samarbeid mellom barnehage og heimen er viktig for å kunne skape ein barnehagekvardag der barn, føresette og personalet kjenner seg trygge.

Vi har eit ynskje om at ALLE skal oppleve Daggry barnehagen som ein god stad å vere, leike og lære.

Set av god tid til tilvenning, legg opp til roleg aktivitet på fritida, slik får barna bruke tida heime til å «lade» og fordøye ny opplevingar og inntrykk dei møter gjennom dagen.

Ver nysgjerrig, spør oss og be om ein prat om de har behov for det.



Kjerneverdier:

Som eit kjede saman i glede ingen like,
men alle
UNIK

Utvikling:

- Kvar barn skal få utvikle seg til den beste utgåva av seg sjølv
- Kvar barn skal bli rusta til å meistre livet sitt godt, no og i framtida
- Barna skal ha gode rollemodellar i dei vaksne

Nestekjærleik:

- Vi viser omsorg, vi trøystar og vi tilgjev kvarandre
- Vi vil glede oss på andre sine vegne
- Vi vil vise kvarandre kjærleik, slik som Bibelen fortel om Guds kjærleik til menneska

Inkludering:

- Kvar ein skild deltek aktivt i fellesskapet
- Vi viser respekt og tek kvarandre på alvor
- Alle i vårt fellesskap opplever at dei er unike og har stor verdi
- Å ha ein ven, og vere ein ven for andre

Kvalitet:

- Eit stimulerande pedagogisk miljø for barna. Kompetente vaksne som motiverer barna til leik, læring og utforsking
- Tydeleg profil og verdier
- Læring skjer gjennom leik og utforsking, her får barna lære med heile kroppen og alle sansar

Med Guds kjærleik til barna

- ein god stad å vere, leike og lære -



Samhandling barn og unge

Inkluderingssteam:

Alle skular og barnehagar i Giske har inkluderingssteam. Teamet jobbar system- og individretta.

Inkluderingsseamet:

Eit tverrfagleg samansett team bestående av barnehage, helsesjukepleiar, PPT/spes.ped og barnevern.

Andre tenester som psykisk helseteam, fysio/ergo kan inviterast ved behov

Kartlegging språk og kommunikasjon:

Er du bekymra for barnet ditt si språkutvikling, kan du ta kontakt med barnehagen. Vi utforskar og avklarar kva som er barnet sine utfordringar, og planlegg for vidare innsats.

Spesialpedagogisk hjelp: Eit tilbod til barn som har særleg behov for utviklingsstøtte. Spesialpedagogisk team barnehage er ansvarlege for dette tiltaket. Vi ynskjer å gi barn tidleg hjelp og støtte til å utvikle og lære.

Tilrettelegging i barnehagen:

Kommunen har etter barnehagelova §37 plikt til å sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Ordninga gjeld barn med nedsett syn el. hørsel, nedsett bevegelsesfunksjon, hjarte- og lungesjukdomar og diagnosar innanfor autismespekteret.

Fagområda til barnehagen

I barnehagen jobbar vi med ulike fagområder det betyr at dei organiserer leiken, aktivitetane og læringa rundt bestemte tema som er viktige for barn sin utvikling. Dette kjem frå Rammeplanen for barnehagen, som er eit styringsdokument for innhaldet og kvaliteten i norske barnehagar. Her er ein kort presentasjon av dei 7 fagområda vi jobbar etter i barnehagen.

Leike med språk, symbol og tekst og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling

Kommunikasjon, språk og tekst

Barna skal få oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse

Kropp, rørsele, mat og helse

Barna skal få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjupning og progresjon.

Kunst, kultur og kreativitet

Barna skal få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for undring, utforsking, leik og læring.

Natur, miljø og teknologi

Utforske tall, mengd og teljing i kvardagsaktivitetar. Bli kjend med form, mønster og sturktur

Mengd, rom og form

Utvikle interesse og respekt for kvandre og forstå verdien av liksapar og ulikskapar i eit fellesskap

Etikk, religion og samfunn

Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med nærmiljø, samfunnet og verda

Nærmiljø og samfunn

Satsingsområde:

Inkluderande barnehagemiljø

Med vekt på språkutvikling og læring gjennom lek

Som eit kjede, saman i glede, ingen like, men alle unike!

Eit inkluderande barnehagemiljø gir alle barn moglegheit til å utvikle seg, lære og trivast. Fokusområdet i år er å styrkje barna si språkutvikling. Gjennom Rekomp (utviklingsarbeid) har vi valt å ta tak i uteområdet som læringsarena.

Problemstilling: «Korleis kan tilrettelegging av utelek bidra til å styrke barnas språklege aktivitet?»

Inkludering:

- Personalet har god forståing for det ein skilde barns behov og utvikling
- Vi er bevisst eigne haldningar og handlingar, og reflekterer over eigen praksis
- Vi legg til rette for at alle barn får delta i lek og aktivitetar, uavhengig av føresetnader
- Vi jobbar for trygge og gode relasjonar og eit miljø prega av omsorg og respekt
- Samarbeider tett med føresette og andre faginstansar ved behov

Fokus:

- Obsevasjon og dialog med barna for å forstå korleis dei opplever fellesskapet
- Tidleg innsats for barn som står utanfor lek og samspel (inkluderingsteam)
- Vaksne som møter barna på deira nivå og arena
- Tillit mellom barna og dei vaksne og barna imellom for at barna skal kjenne seg trygge og kan oppleve glede ved å kommunisere og bruke språket sitt
- Personalet skal vere gode rollemodellar for barnet si utvikling og læring



Velkommen til Lerka og Måltrosten

Leik og livsmeistring: i barnehagen skal leiken ha stor plass. Vi skal vere med å gi barna gode opplevingar av glede og humor.

Barna skal få oppleve livsglede og meistring gjennom leik i eit trygt og godt miljø. Dei kan bli utfordra til å ta nye steg, utvikle samspel, fellesskap og vennskap.

Personalet skal vere med å støtte og oppmuntre barna gjennom motgang, medgang og utfordringar dei møter. Slik får vi vere med å hjelpe barna til å bli kjend med eigne og andre sine kjensler.

Språkstimulering: språkleg nysgjerrigheit i eit variert språkmiljø skal vere med på å gi barna lyst til å utforske kommunikasjon, språk og tekst.

I løpet av barnehageåret skal vi bli kjent med forskjellige bøker og forteljingar gjennom høgtlesing, dramatisering, forming, samtale, film, song og musikk.

Personalet skal gjennom desse aktivitetane hjelpe barna til å utvikle leseglede og fantasi. Gjennom temaet skal vi gi dei felles leikereferanse. Vi ønsker at alle barna skal bli lest for jamleg.

Dette barnehageåret vil eit av tema vere «Dyr». Vi har fokus på to dyr kvar måned.



Førskuleklubben

Ein dag kvar veke møtast 17 førskulebarn til førskuleklubb. Gruppa er på tvers av avdelingane. Vi møtast til klubb i gymsalen eller vi går på tur.

- **Oppsett for klubbmøta våre**
- Vi finn plassen vår
- Fellessang «Alle trenger ein liten venn» «Første dag i første klasse» «ABC, så lett som bare D-E-F»
- Høgtlesing, ulike bøker tilpassa barnas alder
- Forskaroppgåver
- Oppgåve/aktivitet (enkle skuleoppgåver ut i frå tema, matlaging, naturfagseksperiment)

Annakvar veke går vi på **tur**, til eventyrskogen mellom Eirikskogen og Ola-bakken, dette blir basen vår. Turane skal vere med på å gi barna gode friluftsupplevingar gjennom heile året. Personalet skal legge til rette for leik, undring, utforsking, nysgjerrigheit og læring i naturen.

På turdagen må barna ha med eigen sekk med matpakke, drikke og sitjeunderlag. Dette er god trening for barna i å ta vare på eigne ting, og ei god førebuing til skulestart.

På nyåret håpar vi det blir **barnehagesymjing** ved By-badet i Ålesund. Når dette evt. skjer vil de få nødvendig informasjon.

Vi håpar at førskuleklubben og turane våre er med på å gi barna kunnskap, erfaringar, tru på eigne evner og motiverer barna til å begynne på skulen. Vi har faste overgangsrutinar for overgang til skulen, der vi får besøk av rektor og besøker skulen.



Velkommen til Linerla og Spurven

Inkluderande barnehagemiljø er satsingsområdet til barnehagen. Dette barnehageåret på Linerla og Spurven vil vi her ha fokus på omsorgsfulle relasjonar mellom barn og vaksne, og mellom barna. Omsorgsfulle relasjonar handlar om vaksne som heile tida er nær og tilstades. Vi organiserer dagen slik vi har god tid til å til å sjå og forstå barna, og gi dei den støtte dei treng.

I leik med kvarandre lærer barna mykje. Vi vil støtte dei i å løyse konflikter, sjå den andre og sjå seg sjølv. Vi vil hjelpe barna med å sette ord på ulike kjensler hos seg sjølv. Dei treng vaksne som tonar seg inn og tek del i opplevinga, og viser med mimikk og ord at dei forstår. Dei tilsette er aktive språkmodellar i kvardagen, under leikesituasjonar, måltid og ved stell.

I år vil vi gjennom Rekomp ha fokus på det fysiske utemiljøet for å fremje språkutvikling. Vi vil jobbe med temaet «Ville dyr». Vi skal bli kjend med nokre av dei ville dyra som bor i skogen gjennom song og litteratur. Temaet vil vise igjen i utforminga av leikemiljøet i avdelingane våre, og gi barna eit felles utgangspunkt i leik og undring.

Dei sju fagområda som er nemd tidelgare i årsplanen jobba vi med blant anna gjennom temaarbeid. Gjennom temaet «Ville dyr» vil vi gi barna kjennskap til dyr og dyreliv, innsikt i kva dyr dei kan møte på her på Valderøya. I ulike temaarbeid ønskjer vi barna skal få oppleve



Dagen vår:

07.00-09.30: Velkommen til barnehagen. Vi møter barn og foreldre i garderoben.

07.30-08.30: Frukost. Barna har med eigen mat. Vi legger vekt på trivsel rundt bordet, og samtalar om det som opptek barna.

09.15-10.30: Morgonsamling. Vi fortel barna om gruppedeling, frileik inne/ute eller andre planlagde aktivitetar. Gi beskjed dersom barnet kjem etter 9.00.

10.30-10.45: Bleieskift. Vi forsøker å gjer bleieskift til ei koseleg stund der vi syng, leikar med rim og regler.

10.45: Samling/supersamling. I samlinga ser vi på ulike tema; vi les, syng, dramatisere eller beveger oss.

11.00: Lunsj. Måltidet skal vere ein arena for trivsel og læring. Vi har smøremåltid, der barna får ta aktivt del i måltidet. Ein dag i veka har vi varmmat, som oftast på fredagar.

11.30-12.00: Legging/kvile. Dei som skal sove, søv i vogna si. Dei som ikkje søv får ei roleg stund inne på avdelinga med roleg musikk, høgtlesing eller lydbok.

13.00-14.00: Oppvakning/frileik/bleieskift: Roleg leik på avdelinga.

Ca.14.00: Fruktmåltid. Vi samlar oss rundt bordet og et skive og frukt. Ein dag i veka får vi yoghurt med havregryn og rosiner.

14.20-16.30: Frileik ute (Inne ved behov).

Barna vert henta-vi seier «ha det» til kvarandre og takkar for dagen i dag. Vi informerer kort om korleis dagen til barnet har vore.

SUPERSAMLING:

Vi jobbar med etikk, religion og filosofi. Vi gjev barna kjennskap til ulike merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen. Gjennom arbeidet ynskjer vi at barna utviklar interesse og respekt for kvarandre, og at dei ser verdi både i likskap og ulikskap i samfunnet

BURSDAG I BARNEHAGEN:

Vi feirar barnet med flagg, bursdagsplakat og bilde. Vi har ei bursdagssamling for barnet og kosar oss med smoothie eller is til dessert etter lunsj. Barna får med seg heim bursdagskrone og bildeplakat frå bursdagsfeiringa.



August

- Studiedagar
- Oppstart nytt bhg år

September

- Foreldremøte 11.09.25
- Brannvern veke 38
- Studiedag 23.09.25

Oktober

- Hausttakkefest 16.10.25

November

- Kosedyr fest 14.11.25

Desember

- Julefest for familien på Valderøy bedehus 11.12.15
- Nissefest i barnehagen 17.12.25
- Barnehagen er stengt i jula

Januar

- Foreldre kaffi i barnehagen 27.01.26

Februar

- Karneval i barnehagen 13.02.26

Mars

- Påskefrukost for familien i barnehagen 26.03.26

April

- Barnehagen er stengt frå onsdag i påska
- 13.04.26, studiedag for personalet – barnehagen er steng.

Mai

- Vårfest i barnehagen 13.05.26

Juni

- Avslutningsfest for førskulebarna med familie
- Opehus og sommerfest

Barnehageruta 2025-2026

